



Om einsemnda i nytingas tid

DAG OG TID 17.04.2015 Side 16 - Seksjon: KULTUR - Del: 1

Forfatter: Roald Helgheim

Aktuell

- Einsemnda går som ein raud tråd gjennom songane til Kurt Weill, seier cellisten Sigrun Eng.

Ho både spelar og syng på *Lonely Songs*, som er debutplata til Kurt Weill Ensemble. Hovudvokalisten er Hilde Leite Gaupås, som for meir enn ti år sidan starta Kurt Weill Duo saman med Eng. I ensemblet spelar Andreas Utnem harmonium og Morten Michelsen bassklarinet, og ensemblet framfører ti av songane Weill skreiv musikk til, nokre engelske, nokre tyske. For mange er han kjend for musikken han skreiv til Bertolt Brechts skodespel, særleg *Tolvskillingsoperaen*. Han tok for seg kabaretsjangeren i mellomkrigstidas Berlin, og mange singlar lever framleis som klassikarar. Nokre av dei har vorte standardlåtar i jassen, som «My Ship», «September Song» (med tekst av Maxwell Anderson) og sjølvsgatt «Mack The Knife».

- Kvifor namnet *Lonely Songs*?

- Mange singlar spring ut av triste eller einsame menneskelagnader, som i «Nannas Lied» og ei rad andre klassikarar.

I ein av dei, «Ballad of the Soldiers Life», handlar teksten om kva som vart sendt til tyske soldatars ektefellar heime, frå byar der også Oslo er med.

- Det er mange om tolkingane av Weills musikk, i Noreg har vi



Les også

- [Utan ein raud tråd](#)
Dølen - 08.01.2015
- [Gunhild Seim til ettertanke](#)
Dag og Tid - 16.05.2013
- [Relasjonar som ein raud tråd](#)
Fjordenes Tidende - 24.01.2014

også Tora Augestads Music for a While. Ei jazzplate med «Kurt Weill and America» som tema, kom nyleg ut på ECM. Kvar kjem fascinasjonen dykkar frå? [Vis flere](#) 🗨

- Vi har levt med musikken sidan vi studerte, og vi opplevde at det handla om oss sjølve. Hilde Leite Gaupås som også er utdanna jazzsongar, er frå gammalt inspirert av kabaret og mørke songar, av artistar som Tom Waits og Marianne Faithfull.

Med klassisk utdanning frå Tyskland og Noreg har Sigrun Eng vore med i mange band, mellom dei folkemusikkgruppa Slagr som også slepper ny plate. Ho har spelt i kvartetten Tokso, er med på plata Østerdalsmusikk og samarbeider med jazzmusikarar som Thomas Strønen og andre.

- Kva meir kan vi hente ut av alle desse songane i dag?

- Han har tekstar som skrivne på 20 og 30-talet, står like sterkt i dag. Dei rike levde som det ikkje fanst ein morgondag, mens arbeidarane fekk det stadig verre. Dei sosiale og politiske tilhøva hadde likskapstrekk med den situasjonen vi held på å få i Europa. Brecht hadde hatt noko å seie i dag også, og musikken til Weill fascinerer stadig nye generasjonar, frå alle sjangrar.

- Som duo turnerte vi mykje og oppsøkte Kurt Weills fødeby Dessau der ein del av sentrum er i funkisstilen som blomstra nettopp på tju- og trettitalet. Vi var single venninner i tjuåra, no er vi begge småbarnsforeldre. Vi kjende oss att i songane då, og gjer det like sterkt i dag.

- Kvifor vart du cellist?

- Eg var seks år og møtte ein åtti år gammal musikk lærar på Lillehammer som lærte meg å spele, seier Sigrun Eng som på Lonely Songs har ansvaret for alle arrangementa.

- Du spelar i fleire band. Kor mange plater har du medverka på i alt?

- Det må vere over tju. Weill-plata kjem ut 23. april. Måndag 27. april er det sleppkonsert på Herr Nilsen i Oslo.

Bildetekst:

- Sigrun Eng (t.v.) og Hilde Leite Gaupås i Kurt Weill Ensemble.

© Dag og Tid